

Fra: Waage, Hartvig [hartvig.waage@tysver.kommune.no]
Sendt: 28. januar 2008 19:22
Til: Postmottak KD
Emne: Høringsuttale om KRL-faget frå Tysvær kommune

TYSVÆR KOMMUNE**Saksframlegg**

Dato:28.01.2008
 Saksnr.:2005/1772
 Løpenr.:2292/2008
 Arkiv:A20
 Sakshandsamar:Hartvig Waage

HØYRING OM ENDRING AV OPPLÆRINGSLOVA NÅR DET GJELD KRL-FAGET

Saksnr	Utval	Møtedato
	Oppvekst- og kulturutvalet	

SAKSUTGREIING:**HØYRINGSUTTALE FRÅ TYSVÆR KOMMUNE OM FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA NÅR DET GJELD KRL-FAGET**

Bakgrunnen for departementet sine framlegg til endring av opplæringslova er dommen i Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD), der tre familiar som saksøkte den norske stat med knapt fleirtal (9 mot 8 stemmer) fekk medhald i at barna skulle få fullt fritak frå KRL-faget. I og med at det er ein menneskerett å velja barna si oppseding, var ikkje fritak frå deler av faget tilstrekkeleg.

1. Fører dommen til at opplæringslova må endrast?

Dommen gjeld KRL-faget slik det blei utforma av Stortinget og departementet i 1997. Seinare er det føreteke endringar både i opplæringslova og i fagplanen. Desse endringane inneber at dommen ikkje utan vidare har relevans for KRL-faget i dag.

Det er i utgreiinga frå domstolen konstatert at kristendommen har ein større plass i KRL-faget enn andre religionar og livssyn, og at ei slik vekting av fagdelane er den retten staten har til å fastsette skolen sitt innhald. Dette er altså ikkje i strid med menneskerettane, sjølv om det ikkje vert gitt rett til fullt fritak. Dommarane fann likevel at det var ein kvalitativ, og ikkje bare ein kvantitativ, forskjell mellom undervisninga om kristendommen og om andre religionar og livssyn. Grunnen til det er at det om kristendomsfaget står "grundig kjennskap" mens berre "kjennskap" om andre religionar og livssyn.

I det fylgjande er moment som er nemnt i premissane for dommen, kommentert. Der regelverket seinare er endra, er dette påpeika.

- EMD finner det problematisk når loven seier at den som underviser i KRL-faget, "skal ta utgangspunkt i grunnskolen sin føremålsparagraf i § 1-2". Denne bestemmelsen er imidlertid seinare tatt ut av lova. Dommarane siterer bestemmelsen i formålsparagrafen om at grunnskolen i samarbeid og forståing med heimen skal gi ein kristen og moralsk oppdraging. Formålsparagrafen er ikkje tatt opp i høringsnotatet i og med at det allereie er fremja forslag om at den skal endrast.
- Mål og innhald er nemnt i premissane for dommen. Her heiter det at elevane skal få "grundig kjennskap" til kristendommen og "kjennskap" til andre verdsreligionar og anskuelser. Dette kan oppfattast som at kristendommen skal behandlast kvalitativt annleis enn andre religionar og livssyn.

- EMD påpeikar det problematiske i kravet om grunngeving av meldingar om fritak. Dette kunne gjera at foreldra følte at dei måtte utlevere private sider ved deira eigen religiøse og livssynsmessige overtyding til skolestyresmaktene. Det går klart fram av det gjeldande regelverket at ein ikkje treng å grunnge slike meldingar.
- Dersom fagnamnet som skjuler seg bak KRL er eit argument, så er dette også endra frå *Kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering* til *Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap*

Konklusjonen er at det er berre små endringar som er naudsynte for å retta på det som domen peikar på.

2. Kommentar til de endringane departementet har foreslått

Departementet har foreslått endringar i §§ 2-3 og 2-4 som vert kommentert her.

a. Fagnavnet vert foreslått endra til *Religion, livssyn og etikk*

Som nemnt ovanfor, er ikkje fagnamnet kommentert frå dommarane si side. Det er dessutan allereie endra på ein måte som tilkjennegir ein kvalitativ likestilling av kristendommen og andre religionar og livssyn. Likevel vert det gjort framlegg om endring av namnet til *Religion, livssyn og etikk*. Departementet si grunngeving for å sette inn "etikk" er at *Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap* ikkje "viser til etikkdelen". Filosofi, som det også skal undervisast i, er ikkje med i det fagnamnet departementet gjer framlegg om i høyringsnotatet. Reint språklig verker dessutan samanstellinga av omgrepa "religion", "livssyn" og "etikk" uheldig, i og med at etikk er ein del av alle religionar og livssyn.

Rådmannen meiner det er meir saksvarande at kristendommen (som skal utgjere vel 50% av faget) vert nemnt spesielt, enn at etikk (som saman med filosofi skal utgjere 20%) skal inngå i namnet. Å ta kristendommen ut av fagnamnet vil dessutan bryte ein samanhengande tradisjon frå den fyrste norske skoleloven blei vedtatt i 1848. Endringa har derfor stor symboltyding. Religion og livssyn gir identitet til folk og nasjonar. I global samanheng blir Noreg rekna som ein kristen nasjon der kultur, livsstil og samfunnsordning er prega av dette.

b. Objektiv, kritisk og pluralistisk presentasjon

Departementet foreslår at det skal takast inn i lovteksten ei bestemming om at lærarane skal presentere ulike religionar og livssyn "på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte ut frå deira eigenart".

Slik forslaget til tekst er utforma, står krav om objektiv, kritisk og pluralistisk presentasjon i motsetning til kravet om at religionar og livssyn skal presenterast "ut frå deira eigenart". Verken kristendommen, andre religionar eller ikkje-religiøse livssyn er pluralistiske, og dei kan difor heller ikkje framstellast pluralistisk viss dei skal presenterast ut frå sin eigenart. Dei kan og bør derimot presenterast på ein saklig måte slik at dei elevane og foreldra som vedkjenner seg til den enkelte religion og det enkelte livssyn, kjenner seg igjen i presentasjonen. Faget skal gi kunnskap, men ikkje berre det. Det skal også vere eit kunst- og kulturfag med rom for oppleving.

Tysvær kommune er saman med dei andre kommunane i Nord Rogaland med i eit KRL-prosjekt i regi av Universitetet i Stavanger. Eindel av dette prosjektet går nettopp på dette med å presentera religionar og livssyn ut frå deira eigenart. Ei målsetting med dette er å nytta faget til å fremja toleranse og respekt mellom elevar med ulik bakgrunn.

Rådmannen meiner at "ut frå deira eigenart" dekkjer dette, mens "på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte" lett kan gjere også dette faget til eit reint teoretisk fag.

Endringane som det elles er gjort framlegg om har ikkje Rådmannen kommentarar til.

HØYRINGSUTTALE FRÅ TYSVÆR KOMMUNE OM FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA NÅR DET GJELD KRL-FAGET

Kunnskapsdepartementet foreslår i sitt høyringsnotat av 05.12.07 at det skal gjerast endringar i Opplæringslova. Bakgrunnen for departementet sitt forslag er dommen i Den europeiske menneskerettsdomstolen, der saksøkarane fekk medhald i at dei burde vore innvilga fullt fritak frå KRL-faget. I og med at det er ein menneskerett å velja barna si oppseding, var ikkje fritak frå deler av faget tilstrekkelig.

Dommen gjeld KRL-faget slik det blei utforma i 1997. Seinare er det føreteke endringar både i loven og i fagplanen. Disse endringane gjer at dommen har liten relevans for KRL-faget i dag. Det har vore mykje uro omkring faget, og det blei sist endra i 2005.

Den einaste endringa som kan vera relevant i høve til dommen er at ordet "grundig" blir erstatta eller fjerna. **Tysvær kommune kan ikkje sjå at det er nødvendig å endre Opplæringslova i særleg grad utover at ein fjernar eller endrar ordet "grundig".**

Departementet foreslår at fagnamnet blir endra frå *Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap* til *Religion, livssyn og etikk*. grunngevinga for å sette inn ordet etikk, er at *Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap* ikkje viser til etikkdelen. Vi meiner at det er viktigare at kristendommen, som utgjer ein vesentlig større del av faget enn den delen av etikken som ikkje er knytt til kristendommen eller andre religionar og livssyn, er med i namnet. Religion og livssyn gir identitet til folk og nasjonar. I global samanheng blir Noreg rekna som ein kristen nasjon der kultur, livsstil og samfunnsordning er prega av dette. Dette bør også avspeglas i fagnamnet.

Tysvær kommune meiner at namnet KRL, Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, bør vidareførast.

Departementet foreslår at det skal takast inn i lovteksten ei bestemming om at lærarane skal presentera ulike religionar og livssyn "*på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte* ut frå deira eigenart". Viss den enkelte religion og det enkelte livssyn skal presenteras ut frå sin eigenart, kan dei ikkje bli framstelt pluralistisk i og med at religionar og livssyn ikkje er pluralistiske.

Faget skal gi kunnskap, men ikkje berre det. Det skal også vere eit kunst- og kulturfag med rom for oppleving. Tysvær kommune meiner "*ut frå deira eigenart*" dekkjer dette, mens "*på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte*" lett kan gjere også dette faget til eit reint teoretisk fag.

Tysvær kommune meiner at religionar og livssyn framleis skal presentras ut frå deira eigenart. Dette kan ikkje kombinerast med at "*på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte*" blir tatt inn i lovteksten.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær oppvekst- og kulturutval vedtek framlegg til høringsuttale når det gjeld endring av Opplæringslova på bakgrunn av dom i Den europeiske menneskerettsdomstolen mot KRL-faget.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Hartvig Waage
skulesjef